

Eksamen

15. november 2017

LGA2001

Produksjon og tenesteyting/Produksjon og tjenesteyting

Programområde: Landbruk og gartneri

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar, bruke kunnskap/teori• vurdere ein situasjon, sette løysingar opp mot kvarandre (drøfte), analysere deg fram til løysingar, grunngi val du gjer og gjere greie for konsekvensar av vala dine osv. <p>Den endelege vurderinga av eksamenssvaret skal være ei heilskapleg vurdering av den samla presentasjonen din.</p>
Andre opplysningar	Det er fire oppgåver og du skal svare på alle.

Situasjonsbeskriving:

Du driv eit gardsbruk som heiter Åkerlia.

Åkerlia har 240 dekar fulldyrka jord. Jorda består av 100 dekar sandjord og 140 dekar leire, dreneringstilstanden er middels.

Våningshuset er i god stand.

Det er eit nytt reiskapshus på 200 kvadratmeter på garden.

Det er mjølkeproduksjon på garden, men fjøset er slitt og må totalrenoverast. Du vurderer nybygg og/eller andre produksjonar enn mjølk.

Det er 1500 dekar skog og 2100 dekar fjell som følgjer med garden.

Du planlegg å drive garden sjølv, og du skal leve av produksjonen der.

Andre opplysningar du treng, og kor denne garden ligg i Noreg, må du i dei neste oppgåvene føresette sjølv.

Oppgåve 1 Produksjon

Vel og beskriv ein produksjon på garden som er skildra over, som du skal drive med i framtida.

- a) Beskriv alle aktivitetane gjennom heile året du må utføre på den dyrka marka på garden, i forhold til produksjonen du har valt.
- b) Vel ei av maskinene som du må bruke i forhold til aktivitetane på dyrka mark i oppgåve a). Beskriv bruk og vedlikehald av denne maskina.
- c) Vurder risiko i forhold til bruk av maskina du valde i b).
- d) Kva regelverk må du halde deg til når du bruker maskina du valde i b)?

Oppgåve 2 Økologisk eller konvensjonelt landbruk

Ut frå produksjonen du valde i oppgåve 1 skal du beskrive kva som blir forskjellane i driftsmåte dersom du skal drive produksjonen etter økologiske prinsipp og regelverk. Dersom du allereie har beskrive produksjonen økologisk, kva kan gjerast annleis ved konvensjonell produksjon.

Oppgåve 3 Kvalitet

- a) Kva er kvalitet?
- b) Drøft faktorar som kan påverke kvaliteten på produktet ditt (frå oppgåve 1) positivt og negativt. Og korleis du kan sikre god kvalitet.

Oppgåve 4 Energiøkonomisering og miljø

Ut frå garden som er skildra over, og produksjonen du valde i oppgåve 1, skal du beskrive to energiøkonomiseringstiltak og to andre miljøtiltak som kan gjerast på garden.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare hvordan noe henger sammen, gjøre rede for løsninger, anvende kunnskap/teori• vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte), analysere deg fram til løsninger, begrunne valg du gjør og redegjøre for konsekvenser av dine valg osv. <p>Den endelige vurderingen av besvarelsen skal være en helhetlig vurdering av den samlede presentasjonen din.</p>
Andre opplysninger	Det er fire oppgaver som alle skal besvares.

Situasjonsbeskrivelse:

Du driver et gårdsbruk som heter Åkerlia.

Åkerlia har 240 dekar fulldyrka jord. Jorda består av 100 dekar sandjord og 140 dekar leire, dreneringstilstanden er middels.

Våningshuset er i god stand.

Det er et nytt redskapshus på 200 kvadratmeter på gården.

Det er melkeproduksjon på gården, men fjøset er slitt og må totalrenoveres. Du vurderer nybygg og/eller andre produksjoner enn melk.

Det er 1500 dekar skog og 2100 dekar fjell medfølgende gården.

Du planlegger å drive gården selv, og du skal leve av produksjonen der.

Øvrige opplysninger du trenger, og hvor denne gården ligger i Norge, må du i de neste oppgavene forutsette selv.

Oppgave 1 Produksjon

Velg og beskriv en produksjon på gården beskrevet over, som du skal drive med i fremtiden.

- Beskriv alle aktivitetene gjennom hele året du må utføre på den dyrka marka på gården, i forhold til produksjonen du har valgt.
- Velg en av maskinene som du må bruke i forhold til aktivitetene på dyrka mark i oppgave a). Beskriv bruk og vedlikehold av denne maskinen.
- Vurder risiko i forhold til bruk av maskinen du valgte i b).
- Hvilke regelverk må du forholde deg til når du bruker maskinen du valgte i b)?

Oppgave 2 Økologisk eller konvensjonelt landbruk


Ut fra produksjonen du valgte i oppgave 1 skal du beskrive hva som blir forskjellene i driftsmåte dersom du skal drive produksjonen etter økologiske prinsipper og regelverk. Dersom du allerede har beskrevet produksjonen økologisk, hva kan gjøres annerledes ved konvensjonell produksjon.

Oppgave 3 Kvalitet

- Hva er kvalitet?
- Drøft faktorer som kan påvirke kvaliteten på produktet ditt (fra oppgave 1) positivt og negativt. Og hvordan du kan sikre god kvalitet.

Oppgave 4 Energiøkonomisering og miljø

Ut fra gården beskrevet over, og produksjonen du valgte i oppgave 1, skal du beskrive to energiøkonomiseringstiltak og to andre miljøtiltak som kan gjøres på gården.



www.vigoiks.no/eksamen